



Kommunane i Vestland  
Adresseliste regionråd  
KS Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05  
Håvard Rød, 55 57 21 43

## Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2022

Statsforvaltaren har i brev av 17. august 2021 invitert kommunane i Vestland til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2022.

Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Statsforvaltaren har i statsbudsjettet fordelt kr 115 mill. til kommunane, av den samla skjønssamma på kr 145 mill. i Vestland i år. Det er difor att kr 30 mill. av skjønsmidlane for i år.

Kr 13 715 000,- av den attståande ramma blir no fordelte som prosjektskjøn til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Vi gir tilskot til 26 av dei 51 søknadene frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 52,7 mill.

KS og regionråda i Vestland vart inviterte til å uttale seg om dei ulike prosjekta. Vi har fått tilbakemelding frå KS og Region Nordhordland IKS. KS har gitt uttrykk for at dei generelt ønskjer å prioritere søknadsføremål som kjem alle kommunane til gode.

Fornyingsmidlane er no fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner) :

Helse og omsorg	7 750 000
Barnehage og skule	200 000
Utsette barn og unge	1 200 000
Digital forvaltning	1 700 000
Interkommunalt planarbeid	790 000
Samfunnstryggleik og beredskap	400 000
Klima- og miljøutfordringar	525 000
Diverse	1 150 000
<b>Totalsum</b>	<b>13 715 000</b>



Prosjekt nr. 179 E-helse Vestland (velferdsteknologi), tilskot kr 3,0 mill., er både eit helseprosjekt og eit digitaliseringsprosjekt. I vedlagt oversyn er det teke med under fagområdet helse og omsorg.

Samla tildeling til Digi Vestland sine prosjekt utgjer kr 3,2 mill. To av prosjekta til Digi Vestland er i vedlagt oversyn teke med under «Digital forvaltning», samla tilskot kr 1,7 mill. Tre andre av Digi Vestland sine prosjekt (nr. 130, nr. 155 og nr. 157) er i oversynet teke med under fagområdet helse og omsorg, samla tilskot kr 1,5 mill.

Etter denne fordelinga vil det stå att knapt kr 16,3 mill. av kommunane i Vestland si skjønnsramme for 2022. Den attståande skjønnsramma kan blant anna nyttast til uføresette utgifter, andre prosjekt eller til generell fordeling. Den attståande ramma blir fordelt til hausten.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i denne fordelinga.

Rapportering for prosjektskjøn 2022 skal gjerast i den same portalen som er blitt nytta for søknader for 2022, det vil seie : <https://prosjektskjoenn.fylkesmannen.no> Frist for rapportering for 2022 er sett til 1. februar 2023. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Vedlegg

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
KS i Vestland og regionråd

Adresseliste til regionråd:

Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

e-post: [post@regionnordhordland.no](mailto:post@regionnordhordland.no)

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik

e-post: [post@hardangerraadet.no](mailto:post@hardangerraadet.no)

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

e-post: [firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no](mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)

Sogn Regionråd, Gravensteinsgata 17, Pb. 153, 6851 Sogndal

e-post: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

Nordfjodrådet, Pb. 294, 6701 Måløy

e-post: [post@vagsoy.kommune.no](mailto:post@vagsoy.kommune.no)

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS), Pb. 338, 6801 Førde

e-post: [trond.ueland@forde.kommune.no](mailto:trond.ueland@forde.kommune.no)

HAFS regionråd, v/Per Arne Tveit, 6963 Dale i Sunnfjord

e-post: [per.arne.tveit@fjaler.kommune.no](mailto:per.arne.tveit@fjaler.kommune.no)